



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 24.06.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 20:00

Det er spørjetime i starten av møtet.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP frå sak 73/21	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordførar
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP tom sak 81/21	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP til sak 93/21	Medlem
Øyvind Oddekav	AP	Varaordførar
Nina Bognøy	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP ikkje tilstade sak74/21-76/21	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Thea Risøy	KRF til sak 80/21	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Morten Klementsén	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Thore Helland	UAVH til sak 92/21	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem

Sveinung Toft	V	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Jostein Hellestveit
Hogne Brunborg	AP	Kirsti Gjetle Floen
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Ståle Juvik Hauge
Pål Inge Fosse Hopland	AP til sak 74/21 – 76/21	Tormod Skurtveit
Jon Vidar Sakseide	KRF	Malin Helene Andvik
Arne Johan Sæle	KRF	Asle Hetlebakke
Sølvi Vatnøy	KRF frå sak 80/21	Thea Risøy
Thomas Hjortland Wallem	H	Nils Marton Aadland
Erlend Nævdal	UAVH	Svein Hagesæter
Øystein Reidar Moldeklev	FRP frå sak 73/21	Roy Bø
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-kommunalsjef, Kristin Moe-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
070/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
071/21	Godkjenning av møteprotokoll
072/21	Melding/orientering frå kontrollutvalet
073/21	Kanalstrategi
074/21	Årsrekneskap 2020 for Alver kommune
075/21	Årsmelding Alver kommune 2020
076/21	Finansrapport 2020
077/21	Økonomiske måltal og handlingsreglar
078/21	1.tertialrapport 2021
079/21	Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder
080/21	Tal teljetidspunkt barnehagane i Alver

- 081/21 Detaljregulering for E39 Vikane - Eikangervåg, 2. gongs handsaming
- 082/21 Avklaring av planinitiativ- Åtun gnr. 108 bnr. 161
- 083/21 Mjåtveitvegen VVA - auka ramme
- 084/21 Endra ramme, opprusting Knarvik 11ar kunstgras
- 085/21 Sal av kommunale bygg og eigedomar
- 086/21 Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024
- 087/21 Miljøløftet - Handlingsprogram 2022 - 2025
- 088/21 Operasjonalisering av grøn konkurransekraft i Nordhordland – søknad om støtte
- 089/21 Søknad om fritak frå politiske verv
- 090/21 Søknad om fritak frå politiske verv
- 091/21 TV-aksjonen 2021 - Oppretting av kommunekomite
- 092/21 Melding/orientering til kommunestyret 24.06.2021
- 093/21 Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 24.06.2021
- 094/21 Sommarfullmakt ordførar
- 095/21 Nasjonalpark i Masfjordfjell

070/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Sak 94/21 vert sett opp som ekstrasak. Sak 78/21 vert handsama etter sak 88/21. Ber om at melding c vert satt på sakskart som politisk sak. Sak 94/21 og 95/21 vart handsama etter sak 91/21

Rådmannen sitt framlegg med endringar vart samrøystes vedteke.

KO- 070/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent med endringar.

071/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 071/21 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

072/21: Melding/orientering frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 072/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

073/21: Kanalstrategi

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune stenger resepsjonen i kommunehuset på Frekhaug og legg til rette for alternativ digital innbyggjarrettleiing.
- Alver kommune endrar opningstida på sentralbordet og dei bemanna resepsjonane frå 08.00–15.30 til 09.00–15.00.

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:

Alver kommune stengjer ikkje resepsjonen i kommunehuset på Frekhaug. Rådmannen arbeider vidare med gode digitale løysingar i dei ulike resepsjonane.

Alver kommune held fram med å ha bemanna resepsjonar og ope sentralbord i tida mellom kl. 08.00 og 15.30.

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med ei heilskapleg sak om kanalstrategiar hausten 2021.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 054/21 innstilling:

Alver kommune stengjer ikkje resepsjonen i kommunehuset på Frekhaug. Rådmannen arbeider vidare med gode digitale løysingar i dei ulike resepsjonane.

Alver kommune held fram med å ha bemanna resepsjonar og ope sentralbord i tida mellom kl. 08.00 og 15.30.

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med ei heilskapleg sak om kanalstrategiar hausten 2021.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 073/21 Vedtak:

Alver kommune stengjer ikkje resepsjonen i kommunehuset på Frekhaug. Rådmannen arbeider vidare med gode digitale løysingar i dei ulike resepsjonane.

Alver kommune held fram med å ha bemanna resepsjonar og ope sentralbord i tida mellom kl. 08.00 og 15.30.

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med ei heilskapleg sak om kanalstrategiar hausten 2021.

074/21: Årsrekneskap 2020 for Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Alver kommune sin årsrekneskap for 2020

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 057/21 innstilling:

Kommunestyret godkjenner Alver kommune sin årsrekneskap for 2020

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Orientering ved økonomisjef Janne Sund.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 074/21 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner Alver kommune sin årsrekneskap for 2020

075/21: Årsmelding Alver kommune 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga 2020 for Alver kommune til orientering

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 058/21 innstilling:

Kommunestyret tek årsmeldinga 2020 for Alver kommune til orientering

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Ø.Bratshaug-H:

Kommunestyret ber administrasjon ta inn det faktiske sykefråværet for 2020 i årsmeldinga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 075/21 Vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga 2020 for Alver kommune til orientering

Kommunestyret ber administrasjon ta inn det faktiske sykefråværet for 2020 i årsmeldinga.

076/21: Finansrapport 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek finansrapport for Alver kommune 2020 til orientering

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 059/21 innstilling:

Kommunestyret tek finansrapport for Alver kommune 2020 til orientering

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 076/21 Vedtak:

Kommunestyret tek finansrapport for Alver kommune 2020 til orientering

077/21: Økonomiske måltal og handlingsreglar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar følgjande langsiktige økonomiske måltal for Alver kommune:

Område	Langsiktig mål
Netto driftsresultat	3 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 90%

Dei årlige måltala vedtakast i samband med økonomiplan. Dei langsiktige økonomiske måltala skal vere oppnådd innan 2027.

- 2.Følgjande handlingsreglar vert vedtatt:

- a. For å sikre at budsjett og økonomiplan er realistiske skal det ikkje budsjetterast med uspesifiserte innsparingar på organisasjonsnivå. Alle innsparingar skal som minimum spesifiserast per sektor og per tenesteområde.
- b. Dersom netto rentebærende gjeld er over 90% av frie inntekter skal det ikkje startast opp nye større generelle investeringar som krev nye låneopptak. Unntaket er investeringar knytt til vatn og avløp, og eventuelle andre sjølvfinansierande investeringar. Pågåande investeringar skal ferdigstillast. Mindre investeringar knytt til effektivisering/ kvalitetsheving av drift kan vurderast lånefinansierast. Elles skal nye investeringar fullt ut eigenfinansierast.
- c. Når rekneskapen for Alver synar eit økonomisk mindreforbruk, skal mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Dette gjeld for rapportering per 1 og 2. tertialrapport, samt ved handsaming av årsrekneskapen. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal først skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 061/21 innstilling:

1. Kommunestyret vedtar følgjande langsiktige økonomiske måltal for Alver kommune:

Område	Langsiktig mål
Netto driftsresultat	3 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 90%

Dei årlige måltala vedtakast i samband med økonomiplan. Dei langsiktige økonomiske måltala skal vere oppnådd innan 2027.

2. Følgjande handlingsreglar vert vedtatt:
 - a. For å sikre at budsjett og økonomiplan er realistiske skal det ikkje budsjetterast med uspesifiserte innsparingar på organisasjonsnivå. Alle innsparingar skal som minimum spesifiserast per sektor og per tenesteområde.
 - b. Dersom netto rentebærende gjeld er over 90% av frie inntekter skal det ikkje startast opp nye større generelle investeringar som krev nye låneopptak. Unntaket er investeringar knytt til vatn og avløp, og eventuelle andre sjølvfinansierande investeringar. Pågåande investeringar skal ferdigstillast. Mindre investeringar knytt til effektivisering/ kvalitetsheving av drift kan vurderast lånefinansierast. Elles skal nye investeringar fullt ut eigenfinansierast.
 - c. Når rekneskapen for Alver synar eit økonomisk mindreforbruk, skal mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Dette gjeld for rapportering per 1 og 2. tertialrapport, samt ved handsaming av årsrekneskapen. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal først skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Orientering ved økonomisjef Janne sund (sak 77/21 og 78/21)

Framlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved T.Larsen-H:

Som innstilling med følgjande endringar:

Langsiktig mål om netto rentebærende gjeld endres fra 90% til 100%

Punkt C i handlingsregel endres til: Når rekneskapen for Alver synar eit samla økonomisk mindreforbruk etter justeringar per 1. og 2. tertial eller ved årsslutt, skal det samla mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal som hovudregel skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

Framlegget vart vedteke med 42 røyster (mot A.Nordlund-SV, M.F.Greve-MDG, L.Johnsen-MDG og H.Weber-R)

Innstillinga frå formannskapet fekk 4 røyster og fall (A.Nordlund-SV, M.F.Greve-MDG, L.Johnsen-MDG og H.Weber-R)

KO- 077/21 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar følgjande langsiktige økonomiske måltal for Alver kommune:

Område	Langsiktig mål
Netto driftsresultat	3 %
Størrelse på disposisjonsfond i prosent av frie inntekter	15 %
Netto rentebærende gjeld i prosent av frie inntekter	< 90%

Langsiktig mål om netto rentebærende gjeld endres fra 90% til 100%

Dei årlige måltala vedtakast i samband med økonomiplan. Dei langsiktige økonomiske måltala skal vere oppnådd innan 2027.

2. Følgjande handlingsreglar vert vedtatt:
 - a) For å sikre at budsjett og økonomiplan er realistiske skal det ikkje budsjetterast med uspesifiserte innsparingar på organisasjonsnivå. Alle innsparingar skal som minimum spesifiserast per sektor og per tenesteområde.
 - b) Dersom netto rentebærende gjeld er over 90% av frie inntekter skal det ikkje startast opp nye større generelle investeringar som krev nye låneopptak. Unntaket er investeringar knytt til vatn og avløp, og eventuelle andre sjølvfinansierande investeringar. Pågåande investeringar skal ferdigstillast. Mindre investeringar knytt til effektivisering/ kvalitetsheving av drift kan vurderast lånefinansierast. Elles skal nye investeringar fullt ut eigenfinansierast.
 - c) Når rekneskapen for Alver synar eit samla økonomisk mindreforbruk etter justeringer per 1. og 2. tertial eller ved årsslutt, skal det samla mindreforbruket setjast av til disposisjonsfond. Ein eventuell disponering av mindreforbruket skal som hovudregel skje i samband med neste års økonomiplanarbeid.

078/21: 1.tertialrapport 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. tertial 2021 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2021 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B).
3. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter (både sentrale postar og driftsposter). Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året i samsvar med nye finansieringspakker vedtatt i stortinget. Ein føresetnad for å justere driftsposter knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap.
4. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2021 slik det går fram av "status investeringar (2B)".
5. Det vert gjennomført låneopptak i samsvar med tabell "status investering og finansiering (2A), som viser bruk av lånemidlar med til saman kr 425,5 mill. (ekskl. startlån). Det skal nyttast ubrukte lånemidlar frå tidlegare år avsett i rekneskapen per 31.12.2020 med 275,5 mill. kr og takast opp nye lån på 150 mill. kr.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Justert framlegg frå rådmann vart lagt fram i møtet:

Prosjekt 36017 - Mjåtveitv. fortau – delfinansiert med tilskot EDS - vert redusert med kr 1.212.500,-.

Finansiering vert endra slik: Reduksjon i bruk av lånemidlar kr 970.000,- og kr 242.500,- i momsrefusjon.

Rådmannen sitt justerte framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 060/21 Vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. tertial 2021 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2021 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenestoområdene (1B).
3. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter (både sentrale postar og driftsposter). Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året i samsvar med nye finansieringspakker vedtatt i stortinget. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap.
4. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2021 slik det går fram av "status investeringer (2B)".
5. Det vert gjennomført låneopptak i samsvar med tabell "status investering og finansiering (2A), som viser bruk av lånemidlar med til saman kr 425,5 mill. (ekskl. startlån). Det skal nyttast ubrukte lånemidlar frå tidlegare år avsett i rekneskapen per 31.12.2020 med 275,5 mill. kr og takast opp nye lån på 150 mill. kr. Oppdatert med følgjande tilføyning etter møtet i formannskapet 10.06.2021: Prosjekt 36017 - Mjåtveitv. fortau – delfinansiert med tilskot EDS - vert redusert med kr 1.212.500,-. Finansiering vert endra slik: Reduksjon i bruk av lånemidlar kr 970.000,- og kr 242.500,- i momsrefusjon.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

H.Fyllingsnes-H stilte spm om habilitet då han har eigarandel i Nystøltunet.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at H.Fyllingsnes ikke er inhabil i denne saka.

Tilleggsframlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:

Reversere nedtrekk PPT kr 330 000

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (Ø.Moldeklev-FRP)

Framlegg om tillegg pkt 4 og 5 ved S.Sekkingstad-SP:

4. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2021 slik det går fram av "status investeringer (2B)". I tillegg vert ramma knytt til kunstgrasbana auka med 1,4 mill. kr i samsvar med vedtak i eiga sak.

5. Det vert gjennomført låneopptak i samsvar med tabell "status investering og finansiering (2A), som viser bruk av lånemidlar med til saman kr 425,5 mill. (ekskl. startlån). Det skal nyttast ubrukte lånemidlar frå tidlegare år avsett i rekneskapen per 31.12.2020 med 275,5 mill. kr og takast opp nye lån på 150 mill. kr. Låneopptaket vert oppdatert med endringane knytt til auka ramme for kunstgrasbana.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet Pkt 1,2,3,6 vart samrøystes vedteke.

KO- 078/21 Vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. tertial 2021 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2021 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B) med følgjande endring: Reversere nedtrekk PPT kr 330 000
3. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter (både sentrale postar og driftsposter). Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året i samsvar med nye finansieringspakker vedtatt i stortinget. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap.
4. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2021 slik det går fram av "status investeringer (2B)". I tillegg vert ramma knytt til kunstrasbana auka med 1,4 mill. kr i samsvar med vedtak i eiga sak.
5. Det vert gjennomført låneopptak i samsvar med tabell "status investering og finansiering (2A), som viser bruk av lånemidlar med til saman kr 425,5 mill. (ekskl. startlån). Det skal nyttast ubrukte lånemidlar frå tidlegare år avsett i rekneskapen per 31.12.2020 med 275,5 mill. kr og takast opp nye lån på 150 mill. kr. Låneopptaket vert oppdatert med endringane knytt til auka ramme for kunstgrasbana.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

079/21: Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemdar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune tildeler midlar frå kommunalt kompensasjonsordning etter ein lik prosentvis fordelingssum ut frå søkesum, med eit øvre tak på kr 350.000. Tildelt sum per søkjar går fram av saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 09.06.2021:

Handsaming:

Yngve Walaker-Uavh. er medeigar i ei av bedriftene som har søkt om tilskot frå kompensasjonsordninga. Utvalet erklærte Walaker ugild i saka, og han deltok ikkje i handsaminga.

Utvalet avviste ein søknad som kom inn etter søknadsfristen. Utvalet godkjende ein søknad som kom innan søknadsfristen, men som ikkje kom gjennom rett portal.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 055/21 innstilling:

Alver kommune tildeler midlar frå kommunal kompensasjonsordning etter ein lik prosentvis fordelingssum ut frå søkesum, med eit øvre tak på kr 350.000. Tildelt sum per søkjar går fram av saksframlegget.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Spørsmål habilitet:

T.Larsen-H, pågåande forretningsforbindelse. Framlegg - inhabil

N.Bognøy-AP, styreleiar i Husflidstova SA. Framlegg - inhabil

Y.Walaker-uavh., medeigar i Knarvik kafe og Thai takeaway. Framlegg - inhabil

J.Askeland-SP, småaksjonær i Sletta Landhandleri a.s.Framlegg - ikkje inhabil

A.G.Eide-AP, styremedlem Gløde AS. Framlegg - inhabil

S.Knudsen-SP, fast møtande vara styret Gløde AS. Framlegg - inhabil

Framlegget vart samrøystes vedteke, dei fem representantane deltok ikkje i saka.

Innstillinga frå utval for næringsutvikling og drift vart samrøystes vedteke.

KO- 079/21 Vedtak:

Alver kommune tildeler midlar frå kommunal kompensasjonsordning etter ein lik prosentvis fordelingssum ut frå søkesum, med eit øvre tak på kr 350.000. Tildelt sum per søkjar går fram av saksframlegget.

080/21: Tal teljetidspunkt barnehagane i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, gjeldande frå 1.1.22. Teljetidspunkta er 15.februar, 15.august og 15. desember.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Framlegg til retningsliner kjem opp som eiga sak i september.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef

Merknad:

Saka skal til uttale i Utval for oppvekst kunnskap og kultur, Innstilling i Formannskapet og vedtak i Kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og fall (Anna Nordlund-SV, Laila Bjørge-Sp, Jostein Borlaug-Sp, May Britt Gjerde-Sp)

Framlegg frå Hege Dale-Uavh:

Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, då eit årleg teljetidspunkt gjev forutsigbarheit og eit betre barnehagetilbod i Alver Kommune. Teljetidspunktet vert 15/12.

Framlegg vart vedteke med 5 røyster, med leiar si dobbeltrøyst (Yngve Walaker-Uavh, Hege Dale-Uavh, Christel V. Haaland-H, Thea Risøy-Krf)

OKK- 029/21 uttale:

Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, då eit årleg teljetidspunkt gjev forutsigbarheit og eit betre barnehagetilbod i Alver Kommune. Teljetidspunktet vert 15/12.

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Framlegg frå H og KRF ved T.Larsen:

Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar med teljetidspunkt 15/12.

Framlegget fekk 5 røyster fall (T.Larsen-H, I.Fjeldsbø-H, A.Byrknes-KRF, A.Hetlebakke-KRF og N.Øvreås-FRP)

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Formannskapet bed adm.legge frem saksgutgeiing for bruk av to teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg fekk 5 røyster fall (N.Bognøy-AP, Ø.Oddekalv-AP, S.Sekkingstad-SP, J.Hellestveit-SP og L.Johnsen-MDG)

FO- 065/21 innstilling:

Formannskapet bed adm.legge frem saksgutgrøeing for bruk av to teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Spørsmål om habilitet frå:

Tormod Skurtveit-AP, styremedlem i Leirdalen bhg. Framlegg - ikkje inhabil

Astrid Sylta-AP, tilsett som rådgjevar oppvekst i Alver. Framlegg - ikkje inhabil

Framlegget om habilitet vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå H, KRF, Uavh., V, FRP ved A.Byrknes-KRF:

Kommunestyre ynskjer at barnehagane i Alver skal vera trygge og gode vere- og lære plassar for barna våre. Føreseielege rammer for barn, tilsette og barnehageeigar bidreg til dette. Fleire ein eitt teljetidspunkt (15.12.) vil skapa ein ustabilitet i barnehagetilbodet gjennom året, både når det gjeld gruppesamansetjing, personale og økonomi. I barnehagen der trygge relasjonar er så avgjerande for kvaliteten, vil dette vera svært uheldig. Fleire teljetidspunkt vil gje auka bruk av korte midlertidige stillingar, noko som er dårleg personalpolitikk.

1. Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, 15/12.

2. Kommunestyret viser til den nedsette gruppa med representantar for private og kommunale barnehagar og administrasjonen, som m.a. skal arbeida med å utforma ein langsiktig avtale om eit felles barnehagetilbod i Alver. Kommunestyret ber administrasjonen snarleg syta for at dette samarbeidet kjem i gang slik at ein kan få på plass ein barnehageavtale. Dette er også i tråd med kommunestyret sitt verbal punkt i økonomiplanen om å sørja for eit så fleksibelt barnehageopptak som mogleg.

3. I tråd med punkt 2 viser kommunestyret til uttale frå Alver PBL, og ber om at ein gjennom ein barnehageavtale sikrar at private barnehagar vil ha opptak av barn gjennom heile året dersom det er ledige plassar.

Framlegget vart vedteke med 26 røyster (T.Larsen-H, H.Dale-uavh., K.Murberg-H, N.Øvreås-FRP, M.Klementsens-uavh., Y.Walaker-uavh., S.Lavik-KRF, S.Hopland-uavh., A.Byrknes-KRF, E.M.Dale-KRF, M.Færø-uavh., C.Håland-H, T.Sletten-Hansen-uavh., L.H.van der Kooij-SP, H.Breivik-uavh., J.Romarheim-KRF, I.Fjeldsbø-H, A.J.Scæle-KRF, H.Fyllingsnes-H, J.V.Sakseide-KRF, T.Wallem-H, S.Toft-V, Ø.Bratshaug-H, S.Vatnøy-KRF, M.Johansen-H og Ø.Moldeklev-FRP)

Framlegg frå N.Bognøy-AP:

Kommunestyret ynskjer at Alver skal vere ein attraktiv kommune for barnefamiljar, og ønskjer å leggje til rette for at barn i heile kommunen kan få barnehageplass uavhengig av når ein er født i løpet av året. Fleire teljetidspunkt vil stimulere til auka grad av supplerande opptak i barnehagane, og gje private og kommunale barnehagar same føreseielegheit.

Alver kommune innfører to teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, gjeldande frå 1.1.22.

Teljetidspunkta er 15.august og 15. desember.

Kommunestyret ber rådmannen starte arbeidet med å lage retningslinjer for berekning av tilskot til dei private barnehagane, samt justere retningslinjer for gjennomføring av opptak til barnehage. Framlegg til retningslinjer kjem opp til politisk handsaming i september.

Utarbeiding av retningslinjer må skje i nært samarbeid med representantar frå dei private barnehagane.

Framlegget fekk 20 røyster og fall (J.Borlaug-AP, A.G.Eide-AP, A.Nordlund-SV, T.Skurtveit-AP, M-I Wergeland-SP, J.Askeland-SP, H.Weber-R, N.Bognøy-AP, Ø.Oddekalv-AP, S.Sekkingstad-SP, L.Taule-SP, L.Bjørge-SP, S.Knudsen-SP, A.Sylta-AP, T.Helland-uavh., M.F.Greve-MDG,

KO- 080/21 Vedtak:

Kommunestyre ynskjer at barnehagane i Alver skal vera trygge og gode vere- og læreplassar for barna våre. Føreseielege rammer for barn, tilsette og barnehageeigar bidreg til dette. Fleire ein eitt teljetidspunkt (15.12.) vil skapa ein ustabilitet i barnehagetilbodet gjennom året, både når det gjeld gruppesamansetjing, personale og økonomi. I barnehagen der trygge relasjonar er så avgjerande for kvaliteten, vil dette vera svært uheldig. Fleire teljetidspunkt vil gje auka bruk av korte midlertidige stillingar, noko som er dårleg personalpolitikk.

1. Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, 15/12.

2. Kommunestyret viser til den nedsette gruppa med representantar for private og kommunale barnehagar og administrasjonen, som m.a. skal arbeida med å utforma ein langsiktig avtale om eit felles barnehagetilbod i Alver. Kommunestyret ber administrasjonen snarleg syta for at dette samarbeidet kjem i gang slik at ein kan få på plass ein barnehageavtale. Dette er også i tråd med kommunestyret sitt verbal punkt i økonomiplanen om å sørge for eit så fleksibelt barnehageopptak som mogleg.

3. I tråd med punkt 2 viser kommunestyret til uttale frå Alver PBL, og ber om at ein gjennom ein barnehageavtale sikrar at private barnehagar vil ha opptak av barn gjennom heile året dersom det er ledige plassar.

081/21: Detaljregulering for E39 Vikane - Eikangervåg, 2. gongs handsaming

RÅDMANNEN SIIT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Utval for areal, plan og miljø 09.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 082/21 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 081/21 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

082/21: Avklaring av planinitiativ- Åtun gnr. 108 bnr. 161**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Alver kommunestyre stansar, med heimel i plan- og bygningslovas § 12-8 andre ledd, privat planinitiativ for regulering av Åtun, gnr. 108 bnr. 161 gitt ved alternativ A2.

For grunngjeving viser ein til saksframlegget nedanfor. Vedtaket er ikkje vegen for å varsle oppstart av planarbeid med alternativ A1 som vist i initiativet».

Alternativt vedtak

«Alver kommunestyre stansar ikkje privat planinitiativ for regulering av Åtun, gnr. 108 bnr. 161 ved alternativ A2. Ved varsel om oppstart av planarbeidet må formåljusteringa vise i avgrensinga av planområdet.

Forslagsstillar vert underretta om godkjenning til å gå i gong med planarbeidet. Vedtaket er ikkje bindande for kommunen si seinare behandling av planforslaget.»

Utval for areal, plan og miljø 23.06.2021:**Handsaming:****Framlegg frå Sveinung Toff-V:**

Alver kommunestyre godkjenner privat planinitiativ for regulering av Åtun, gnr. 108 bnr. 161, skildra som alternativ A2.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 108/21 Innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner privat planinitiativ for regulering av Åtun, gnr. 108 bnr. 161, skildra som alternativ A2.

Alver kommunestyre 24.06.2021:**Handsaming:**

Innstilling frå utval for areal, plan og miljø vart ettersendt:

Alver kommunestyre godkjenner privat planinitiativ for regulering av Åtun, gnr. 108 bnr. 161, skildra som alternativ A2

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø samrøystes vedteke.

KO- 082/21 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner privat planinitiativ for regulering av Åtun, gnr. 108 bnr. 161, skildra som alternativ A2

083/21: Mjåtveitvegen VVA - auka ramme**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner å auke ramma for prosjekt Mjåtveitvegen med 3,2 mill. eks mva. Midlane skal dekke ferdigstilling av prosjektet.

Alver formannskap 10.06.2021:**Handsaming**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og M.Færø-uavh.)

FO- 051/21 innstilling:

Kommunestyret godkjenner å auke ramma for prosjekt Mjåtveitvegen med 3,2 mill. eks mva.

Midlane skal dekke ferdigstilling av prosjektet.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 9 røyster (S.Hopland-uavh., H.Dale-uavh., M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh., E.Nævdal-uavh., M.Færø-uavh., H.Breivik-uavh., H.Weber-R og Y.Walaker-uavh.)

KO- 083/21 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner å auke ramma for prosjekt Mjåtveitvegen med 3,2 mill. eks mva. Midlane skal dekke ferdigstilling av prosjektet.

084/21: Endra ramme, opprusting Knarvik 11ar kunstgras

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kostnadsramma for nytt banedekke på Knarvik 11ar kunstgras, vert auka til 6,1 millionar.

Prosjektet finansierast som følger:

Prosjektet er lagt inn i opprinnelig budsjett med sum kr 3,2 mill eks mva, 4 mill inkl mva.

Finansiering: Lånemidlar 3,2 mill og mva-refusjon 0,8 mill.

Auke på 2,1 mill inkl. mva eller kr 1,68 mill ekskl. mva.

Finansiert med lånemidlar med kr 1,68 mill og 0,42 mill i mva-refusjon.

Sum prosjekt er kr 6,1 mill. kr 4,88 mill eks mva og kr 1,22 mill i mva.

Finansiert med 4,88 mill i lånemidlar og kr 1,22 mill i mva.-refusjon

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Behandling:

Uttale frå Alver idrettsrådet vart ettersendt utvalet - 08.06.2021

Atle Vaage-rådgjever, orienterte og svara på spørsmål.

Framlegg frå Thea Risøy-Krf:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår Formannskapet til å innstille for alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift med kostnadsramme 7,5 million.

Framlegget vart vedteke med 7 røyster, mot 1 røyst (Anna Nordlund-SV)

OKK- 046/21 uttale:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår Formannskapet til å innstille for alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift med kostnadsramme 7,5 million.

Utval for næringutvikling og drift 09.06.2021:

Handsaming:

Yngve Walaker-Uavh. sette fram følgjande framlegg:

Utvalet sluttar seg til uttalen frå OKK av 08.06.2021.

Liv Hopland van der Kooij-SP sette fram følgjande framlegg:

Som alternativ 2, men med bruk av biofyll/organinsk materiale.

Det vart røysta over kvart av dei ulike framlegga.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Hopland van der Kooij sitt framlegg fekk 2 røyster og fall.

Walaker sitt framlegg fekk 5 røyster og vart vedteke.

ND- 057/21 uttale:

Utval for næringsutval og drift kjem med følgjande uttale i saka:

Utvalet sluttar seg til uttalen frå OKK av 08.06.2021.

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Ap, KrF og Høgre ved T.Larsen-H:

Kostnadsramma for nytt banedekke på Knarvik 11 ar kunstgras, vert auka til 7,5 millionar for å finansiere alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift. Prosjektet finansierast med lånemidlar og mva-refusjon.

Framlegget vart vedteke med 10 røyster

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og fall (S.Sekkingstad-SP, J.Hellestveit-SP og L.Johnsen-MDG)

FO- 052/21 innstilling:

Kostnadsramma for nytt banedekke på Knarvik 11 ar kunstgras, vert auka til 7,5 millionar for å finansiere alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift. Prosjektet finansierast med lånemidlar og mva-refusjon.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Framlegg frå L.H.van de Kooij-SP:

Ved bytte av fyllmasse skal det brukast biofyll/organisk materiale

Framlegget fekk 13 røyster og fall (M.F.Greve-MDG, A.Nordlund-SV, L.Bjørge-SP, H.Weber-R, S.Knudsen-SP, S.Toft-V, L.H.van der Kooij-SP, V.Villanger-SP, L.Johnsen-MDG, S.Sekkingstad-SP, J.Askeland-SP, T.Helland-uavh. og L.Taule-SP)

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 32 røyster, mot 13.

KO- 084/21 Vedtak:

Kostnadsramma for nytt banedekke på Knarvik 11 ar kunstgras, vert auka til 7,5 millionar for å finansiere alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift. Prosjektet finansierast med lånemidlar og mva-refusjon.

085/21: Sal av kommunale bygg og eigedomar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«1. Kommunestyre ber administrasjonen starte prosessen med å avhende følgjande eigedomar: A. Olsvollstranda næringsområde, gbnr 474/21, B. Rylandshøgda, gbnr 343/96, C. Dale grendahus, gbnr 472/6, D. Kolås barnehage, gbnr 108/374.

2. Kommunestyre ber administrasjonen om å vurdere følgjande eigedomar nærare før det fattast vedtak om ei evt. avhending: E. Feste skule, gbnr 70/6 m.fl, F. Lindåstunet, gbnr 108/1/4, G. Alversund/Tveiten kai og tomt, gbnr 139/11

3. Kommunestyret ber rådmannen om å vurdere leigekontrakten i Promenaden 3. etg i sin heilskap. Det skal startast ein prosess for vurdering av mogeleg relokalisering av aktuell avdeling til kommunalt eigde bygg der det er ledige lokale»

Utval for næringsutvikling og drift 09.06.2021:

Handsaming:

Tormod Skurtveit-AP sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, med følgjande tilleggsmærknad:

Det er viktig at kaien i tilknytning til G. Alversund/Tveiten kai og tomt, gbnr 139/11 vert sikra tilkomst og bruk for ålmenta.

Utvalet vedtok samrøystes Skurtveit sitt framlegg til vedtak.

ND- 054/21 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, med følgjande tilleggsmærknad:

Det er viktig at kaien i tilknytning til G. Alversund/Tveiten kai og tomt, gbnr 139/11 vert sikra tilkomst og bruk for ålmenta.

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, AP, H, Krf ved N.Bognøy-AP:

- 1 . Kommunestyre ber administrasjonen starte prosessen med å avhende følgjande eigedomar:
A. Olsvollstranda næringsområde, gbnr 474/21 , B. Rylandshøgda, gbnr 343/96, C.Dale grendahus, gbnr 472/6, D. Kolås barnehage, gbnr 108/374.
2. Kommunestyre ber administrasjonen om å vurdere følgjande eigedomar nærare før det fattast politisk vedtak om ei evt. avhending: E. Feste skule, gbnr 70/6 m.fl, F. Lindåstunet, gbnr 108/1/4.
3. Kommunestyret ønskjer å sikre allmenheita tilgong til Alversund/Tveiten kai, og ber om ei eiga sak knytt til eigedomen
G. Alversund/Tveiten kai og tomt, gbnr 139/111.
4. Kommunestyret ber rådmannen starte ein prosess for å avslutte leigekontrakten i Promenaden 3. etg i sin heilskap, og relokalisere avdeling til kommunalt eigde bygg der det er ledige lokale.
5. Kommunestyret ber om at kommunehuset på Manger vert tatt i bruk som kontorlokale snarast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 053/21 innstilling:

- 1 . Kommunestyre ber administrasjonen starte prosessen med å avhende følgjande eigedomar:
A. Olsvollstranda næringsområde, gbnr 474/21 , B. Rylandshøgda, gbnr 343/96, C.Dale grendahus, gbnr 472/6, D. Kolås barnehage, gbnr 108/374.
2. Kommunestyre ber administrasjonen om å vurdere følgjande eigedomar nærare før det fattast politisk vedtak om ei evt. avhending: E. Feste skule, gbnr 70/6 m.fl, F. Lindåstunet, gbnr 108/1/4.
3. Kommunestyret ønskjer å sikre allmenheita tilgong til Alversund/Tveiten kai, og ber om ei eiga sak knytt til eigedomen
G. Alversund/Tveiten kai og tomt, gbnr 139/111.
4. Kommunestyret ber rådmannen starte ein prosess for å avslutte leigekontrakten i Promenaden 3. etg i sin heilskap, og relokalisere avdeling til kommunalt eigde bygg der det er ledige lokale.
5. Kommunestyret ber om at kommunehuset på Manger vert tatt i bruk som kontorlokale snarast.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 085/21 Vedtak:

- 1 . Kommunestyre ber administrasjonen starte prosessen med å avhende følgjande eigedomar:
A. Olsvollstranda næringsområde, gbnr 474/21 , B. Rylandshøgda, gbnr 343/96, C.Dale grendahus, gbnr 472/6, D. Kolås barnehage, gbnr 108/374.
2. Kommunestyre ber administrasjonen om å vurdere følgjande eigedomar nærare før det

fattast politisk vedtak om ei evt. avhending: E. Feste skule, gbnr 70/6 m.fl, F. Lindåstunet, gbnr 108/1/4.

3. Kommunestyret ønskjer å sikre allmenheita tilgong til Alversund/Tveiten kai, og ber om ei eiga sak knytt til eigedomen

G. Alversund/Tveiten kai og tomt, gbnr 139/111.

4. Kommunestyret ber rådmannen starte ein prosess for å avslutte leigekontrakten i Promenaden 3. etg i sin heilskap, og relokalisere avdeling til kommunalt eigde bygg der det er ledige lokale.

5. Kommunestyret ber om at kommunehuset på Manger vert tatt i bruk som kontorlokale snarast.

086/21: Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien for 2020-2024, slik den ligg føre i saka.

Eldreråd 07.06.2021:

Handsaming:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Samrøystes.

ER- 027/21 uttale

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 07.06.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes

RMNF- 026/21 uttale:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 07.06.2021:

Handsaming:

Alver ungdomsråd støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak

Samrøystes

UR- 028/21 uttale:

Alver ungdomsråd støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 035/21 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien for 2020-2024, slik den ligg føre i saka.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 086/21 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien for 2020-2024, slik den ligg føre i saka.

087/21: Miljøløftet - Handlingsprogram 2022 - 2025**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2022-2025

Alver formannskap 10.06.2021:**Handsaming**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster, mot 3 (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færeø-uavh.)

FO- 056/21 innstilling

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2022-2025

Alver kommunestyre 24.06.2021:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 37 røyster, mot 8 røyster (H.Dale-uavh., M.Færeø-uavh., S.Hopland-uavh., E.Nævdal-uavh., M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh., H.Breivik-uavh. og Y.Walaker-uavh.)

KO- 087/21 Vedtak:

Alver kommune sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2022-2025

088/21: Operasjonalisering av grøn konkurransekraft i Nordhordland – søknad om støtte**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka blir lagt fram til politisk drøfting og avgjerd

Utval for næringsutvikling og drift 09.06.2021:**Handsaming:**

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift vil be formannskapet om å løfta opp saka og gjera følgjande vedtak som innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret løyver kr 175 000 som ei ekstraløyving til Nordhordland Næringslag, for at dei skal arbeida målretta med "02.Krafftforsyning", "03.Lokale utdanningsprogram", og "05.Realisere anbefalinger i scenarioanalysen" i kostnadsplanen i dokumentet "OPERASJONALISERING GRØNN KONKURRANSEKRAFT I NORDHORDLAND – SØKNAD OM STØTTE". Næringslaget skal rapportera til Utval for næringsutvikling og drift, og til administrasjonen jamnleg.

Kostnaden vert å dekkja frå disposisjonsfondet.

Stian Lavik sitt framlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

Lavik sitt framlegg fekk 7 røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 053/21 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift vil be formannskapet om å løfta opp saka og gjera følgjande vedtak som innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret løyver kr 175 000 som ei ekstraløyving til Nordhordland Næringslag, for at dei skal arbeida målretta med "02.Krafftforsyning", "03.Lokale utdanningsprogram", og "05.Realisere anbefalinger i scenarioanalysen" i kostnadsplanen i dokumentet

“OPERASJONALISERING GRØNN KONKURRANSEKRAFT I NORDHORDLAND – SØKNAD OM STØTTE”. Næringslaget skal rapportera til Utval for næringsutvikling og drift, og til administrasjonen jamnleg.

Kostnaden vert å dekkja frå disposisjonsfondet.

Alver formannskap 10.06.2021:

Handsaming:

Uttale frå utval for næringsutvikling og drift vart samrøystes vedteke.

FO- 067/21 innstilling

Kommunestyret løyver kr 175 000 som ei ekstraløyving til Nordhordland Næringslag, for at dei skal arbeida målretta med “02.Krafftforsyning”, “03.Lokale utdanningsprogram”, og “05.Realisere anbefalinger i scenarioanalysen” i kostnadsplanen i dokumentet “OPERASJONALISERING GRØNN KONKURRANSEKRAFT I NORDHORDLAND – SØKNAD OM STØTTE”. Næringslaget skal rapportera til Utval for næringsutvikling og drift, og til administrasjonen jamnleg.

Kostnaden vert å dekkja frå disposisjonsfondet.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 088/21 Vedtak:

Kommunestyret løyver kr 175 000 som ei ekstraløyving til Nordhordland Næringslag, for at dei skal arbeida målretta med “02.Krafftforsyning”, “03.Lokale utdanningsprogram”, og “05.Realisere anbefalinger i scenarioanalysen” i kostnadsplanen i dokumentet “OPERASJONALISERING GRØNN KONKURRANSEKRAFT I NORDHORDLAND – SØKNAD OM STØTTE”. Næringslaget skal rapportera til Utval for næringsutvikling og drift, og til administrasjonen jamnleg.

Kostnaden vert å dekkja frå disposisjonsfondet.

089/21: Søknad om fritak frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sandra Blommedal vert ikkje innvilga permisjon frå alle politiske verv.

Valnemnda 09.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 010/21 innstilling:

Sandra Blommedal vert ikkje innvilga permisjon frå alle politiske verv.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå valnemnda vart vedteke mot 2 røyster (E.Nævdal-uavh. og A.Nordlund-SV)

KO- 089/21 Vedtak:

Sandra Blommedal vert ikkje innvilga permisjon frå alle politiske verv.

**090/21: Søknad om fritak frå politiske verv
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Malin Andvik innvilges fritak frå alle politiske verv til og med 31.08.2021.

Det oppnemnast ikkje nytt medlem i perioden.

Valnemnda 09.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VALN- 011/21 innstilling:

Malin Andvik innvilges fritak frå alle politiske verv til og med 31.08.2021.

Det oppnemnast ikkje nytt medlem i perioden.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:

For permisjonsperioden blir desse valt:

Kst. leiar Anne Grete Eide

Kst. nestleiar Jogeir Romarheim

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 090/21 Vedtak:

Malin Andvik innvilges fritak frå alle politiske verv til og med 31.08.2021.

Det oppnemnast ikkje nytt medlem i perioden.

For permisjonsperioden blir desse valt:

Kst. leiar Anne Grete Eide

Kst. nestleiar Jogeir Romarheim

091/21: TV-aksjonen 2021 - Oppretting av kommunekomite

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordførar Sara Sekkingstad – leiar

Per Ole Ekker – frivilligsentralen i Knarvik

Arthur Kleiveland – politisk sekretariat

Tove Mette Fyllingen – politisk sekretariat

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 091/21 Vedtak:

Kommunekomite TV-aksjonen:

Ordførar Sara Sekkingstad – leiar

Per Ole Ekker – frivilligsentralen i Knarvik

Arthur Kleiveland – politisk sekretariat

Tove Mette Fyllingen – politisk sekretariat

092/21: Melding/orientering til kommunestyret 24.06.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Ettersendt til kommunestyret:

i) Frå Statsforvaltaren i Vestland: Lovlegkontroll - kjøp av elevplassar - Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 092/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

093/21: Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 24.06.2021

1. Hendrik Weber - R

UBÅTER MED ATOMVÅPEN PÅ HÅKONSVERN UTFORDRER SIKKERHETEN TIL INNBYGERNE I ALVER KOMMUNE.

For å unngå at norsk territorium ble til en slagmark mellom atommaktene under den kalde krigen, ble Bratelli-doktrinen etablert i 1975. Doktrinen slår blant annet fast at:
«Vår forutsetning ved anløp av fremmede krigsskip har vært og er at atomvåpen ikke medføres om bord. Norske myndigheter regner med at så vel allierte som andre atommakter respekterer denne forutsetning.»

Gradvis og uten en bred offentlig debatt som et så alvorlig spørsmål krever, har Bratelli-doktrinen blitt uthullet. Atomfysikere i Norge mener at allierte ubåter som anløper Haakonsvern, med stor sannsynlighet har atomvåpen om bord. Dermed øker risikoen for at Vestlandet blir et sentralt militært mål i en konflikt mellom dagens atommakter. Denne risikoen er ikke forenelig med Alver befolkningens interesser.

Alver kommunestyre

1) oppfordrer den norske regjeringen til å arbeide aktivt for militær avspenning i verden.

2) ser med bekymring at ubåter som anløper Håkonsvern kan ha atomvåpen om bord, og krever at den norske regjeringen anvender Bratelli-doktrinen på det strengeste.

3) slutter seg til den Internasjonale kampanjen for avskaffelse av atomvåpen (ICAN) og ber ordføreren i Alver om å undertegne by- Kommune oppropet til ICAN på vegne av kommunen:

Forslag til vedtak:

Alver kommunestyre er dypt bekymret for den store trusselen atomvåpen medfører. Kommunestyret mener våre innbyggere og mennesker over hele verden har rett til å leve uten denne trusselen. All bruk av atomvåpen, uavhengig av om den er villet eller ved en ulykke, vil ha katastrofale, omfattende og langvarige konsekvenser for mennesker og miljø. Derfor støtter Alver kommunestyre FN's traktat om forbud mot atomvåpen og ber regjeringen signere traktaten.

Svar frå ordførar:

Verknaden av atomvåpen går ut over store tal sivile liv og fører til øydeleggingar i fleire tiår framover i dei berørte områda. Bruk av atomvåpen medfører katastrofale humanitære

konsekvenser, og ordførar meiner at atomvåpen bør nedrustast og avviklast. Ordførar støttar intensjonen i interpellasjonen. I denne interpellasjonen er kommunestyret invitert til å stille seg bak, og det er opp til kommunestyret å ta stilling til saka.

Det vart votert over realitetshandsaming.

For realitetshandsaming fekk 10 røyster og fall.

2. Øyvind Bratshaug - H

Fiberutbygginga som etter planen skulle vera installert oktober 2020, er enno ikkje på plass. Erfaringane med Nettstar er brotne løfter over lang tid, noko som får konsekvensar for innbyggjarane si tillit til leverandøren.

Kan kommunen gjere greie for kva som no er avtalt med Nettstar og når abonnentane kan forventast eit fibernet i drift? Korleis ligg dei an i høve å levere på krava i den tildelte kontrakten og korleis følgjer kommunen opp avvik frå denne?

Svar frå ordførar ved kommunalsjef Hogne Haugsdal:

Alver kommune signerte kontrakt med Nettstar i april 2020 om utbygging av Landsvik-Skjelanger. Skissert framdriftsplan for utbygginga var sett til litt over 13 mnd, som betyr at utbygginga skulle vere ferdig i mai 2021. Nettstar har meldt om at utbygging ville bli forsinka, primært som følgje av at mange stolpar har vore roten og at dette måtte skiftast ut av stolpeeigar BKK. Dette arbeidet har tatt lengre tid enn venta, truleg på grunn av at BKK har prioritert anna arbeid. Fristen på oktober 2020 som det blir referert til, kjem truleg frå leverandøren sin kommunikasjon med kundar ved innsal. Slike fristar er ikkje kommunen involvert i, kommunen held seg til det som ligg i inngått avtale.

Om utbygginga ikkje er ferdig innan avtalt frist i kontrakten, kan kommunen iverksette sanksjonar med utgangspunkt i det som står i avtalen. Mellom anna kan det bli innført dagbøter 60 dagar etter avtalt frist. Utover dette regulerer avtalen prosessar knytt til misleghald og tvistar.

Kommunen har vore i kontakt med Nettstar og dei har følgjande tilbakemelding på prosess og framdrift på denne strekninga: Det er beklageleg at det er forseinking i prosjekta. Utskifting av 15 – 20 stolpar blei godkjend i august 2020, og dette arbeidet skulle ta 2 mnd. Dette har også blitt kommunisert til kundane. Stolpane blei først skifta i mai og juni i år, altså 9 mnd seinare enn det som var planlagt. Dette har medført at Nettstar sitt kundeløfte og forpliktingar i forhold til avtale med Alver, er blitt forsinka. Det er sendt sms til kundane ved fleire høve for å oppdatere situasjonen. Siste sms blei sendt i juni 2021, med informasjon om at målet er å kople opp dei fleste innan 9.7.21. Dei som ikkje blir kopla opp innan denne datoen vil bli kopla opp i august/september 21. Dette er kundar som ligg langt frå hovudtrasear og /eller der kunden sjølv skal grave grøft/bruke føringsveg for kobbarkabel.

3. Leif Johnsen – MDG

Grunngitt spørsmål om manglande svar frå Alver kommune.

Bakgrunn.

I vinter gjorde Mjåtveitelevens forening eit gledeleg og sensasjonelt funn av 120 levande elvemuslingar i Mjåtveitelva, første registrering av levande muslingar sidan 2009. Sidan då har Statsforvaltaren kalla stammen i Mjåtveitelva for "utdødd" og "ikkje levedyktig". Funnet av dei 120 levande muslingane hadde innslag av muslingar i ulike alder, noko som tyder på at stammen reproducerer seg.

Stammen har overlevd fleire alvorlege episodar av utslepp dei siste åra frå Mjåtveit Næringspark. Dette kan ein takke eit system av rensedammar for, og at Meland kommune stoppa eit par ulovlege tiltak etter varsling frå Mjåtveitelevens forening. Brot på vedtekne vernevilkår har skjedd også i vår, ein gong stoppa av avdeling for Miljø og tilsyn i Alver kommune, dei seinaste varsla av Mjåtveitelevens forening 9. juni. Rensedammene er gamle og underdimensjonerte, og evna deira til å fange opp forureining blir gradvis redusert, grunna skader og jamnt påfyll av slam gjennom mange år. Dei treng sterkt til tømning, vedlikehald og oppgradering i takt med den stadig aukande aktivitet i næringsparken og oppstart av ny,

stor bustadutbygging kloss i Kloppedalsbekken. Denne bekken er ein sær s viktig biotop for Mjåtveitelva, både for oppvekst av aure og muslinglarvar, og som ei høgrisiko forureiningskjelde til Mjåtveiteleva. Tilstanden i bekken er kritisk avgjerande for den raudlista muslingstammen.

To ubesvarte epostar til Alver kommune.

Mjåtveitelvens forening sendte i 24.03.2021 sin første epost for å få eit møte med kommunen om det vidare forvaltingsarbeidet med den nyoppdaga, raudlista muslingstammen, oppgradering av reinsedammene og korleis hindre ny forureining med aukande aktivitet i området. Dei rekna med god dialog og auka innsats etter det gledelege funnet av så mange levande muslingar.

Andre epost med same innhald blei sendt i 20.04.21, no også til Statsforvaltaren. Ingen av epostane har fått svar frå kommune eller statsforvaltar.

Tidleg i juni var undertekna i kontakt med dokumentsenterer i Alver og etterlyste desse epostane utan at ein fann fram til dei.

Ein tredje epost frå foreninga blei sendt 09.06.21. og etterlyste svar på dei to første og varsla ny forureining.

Spørsmål.

Kva er forklaringa på at epostane 24.03 og 20.04 frå Mjåtveitelvens forening ikkje har fått svar? Har ikkje Alver kommune rutinar som sikrar at innpost får svar innan fristane Forvaltingslova set?

Svar frå ordførar ved rådmann Ørjan Raknes Forthun:

Kva er forklaringa på at e-postane 24.03 og 20.04 frå Mjåtveitelvens forening ikkje har fått svar?

Forklaringa er kapasitetsutfordringar på grunn av ressursituasjonen som har vore på Miljø og tilsyn etter nyttår. Til orientering så er svarbrev laga og blir sendt ut frå avdeling for Miljø og tilsyn.

Har ikkje Alver kommune rutinar som sikrar at innpost får svar innan fristane Forvaltingslova set?

Alver kommune har rutinar på å svare tilbake innafor fristane, og skal følgje forvaltningslova i sakshandsaminga vår. Som følgje av stor saksmengd og kapasitetsutfordringar er det dessverre førespurnader som vert liggande lengre enn ønskja før vi får svart tilbake.

4. Svinung Toff - V

Grunngjeve spørsmål om kjøp av friområdet- friluftsområdet i Lonene

1. Kva har Alver kommune gjort for å følgja opp vedtaket i denne saka sidan sist den vart orientert om i kommunestyret?

2. Kor tid kan ein forventa at det vert lagt fram ei sak til kommunestyret om gjennomføring av offentleg kjøp eller overtaking av det regulerte friluftsområdet i Lonene?

Svar frå ordførar ved kommunalsjef Hogne Haugsdal:

1.Kva har Alver kommune gjort for å følgja opp vedtaket i denne saka sidan sist den vart orientert om i kommunestyret?

- Svar: Det var ein interpellasjon rundt denne saka i kommunestyret 17. desember 2020. I etterkant av denne saka er det jobba vidare med å vurdere grunnlaget for å kunne søke Miljødirektoratet om statleg sikring. Det som er avgjerande for å kunne søkje om statleg sikring, er å ha ein avtale med grunneigarar. Dette gjeld både med og utan tilskot frå Miljødirektoratet. Frist for å søkje om tilskot frå Miljødirektoratet er sett til 15. januar kvart år, Miljødirektoratet legg til grunn at eigedomar blir kjøpt for landbrukstakst. Alver kommune har vore i dialog med grunneigar Rygir v/deira advokat. Etter ønskje frå grunneigar tek kommunen opp igjen forhandlingane om grunnervervet etter at utbyggar Bonava (Bonava har opsjonsavtale med Rygir om utbygging av Lonena) har hatt oppstartsmøte med planavdelinga i kommunen om detaljregulering av Lonena. Oppstartsmøte vert

25. juni. Kommunen har foreløpig ikkje hatt dialog med Isdal felles, den andre grunneigaren i Lonena.

2. Kor tid kan ein forventa at det vert lagt fram ei sak til kommunestyret om gjennomføring av offentlig kjøp eller overtaking av det regulerte friluftsområdet i Lonene?

- Svar: Det er to måtar kommunen kan sikre seg friområdet i Lonena. Det er frivillig avtale med grunneigarar eller ekspropriasjon. Viss ein går for frivillig avtale må ein ta omsyn til korleis grunneigarar ønskjer prosessen. Om kommunen vil gå for ekspropriasjon, må ein ta ei politisk avgjerd om det. Rådmannen jobbar vidare med mål om å få på plass frivillige avtalar, men det er uklart når dette er på plass. Det vil kome an på forhandlingane med grunneigarane.

094/21: Sommarfullmakt ordførar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og ikkje er av prinsipiell betydning i kommunestyret sin sommarferie (sommarfullmakt).
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordførar skal etter ferien gje tilbakemelding i referat sak om bruk av fullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 094/21 Vedtak:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og ikkje er av prinsipiell betydning i kommunestyret sin sommarferie (sommarfullmakt).
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordførar skal etter ferien gje tilbakemelding i referat sak om bruk av fullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.

095/21: Nasjonalpark i Masfjordfjell

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Saka vert satt opp som ekstrasak i kommunestyret (sjå meld.sak C)

Fellesframlegg frå AP, Sp, KrF, H, V, FrP, MDG, fleire UAVH, SV og R ved Ø. Oddkalv-AP:

Alver kommunestyre tar orienteringa om utgreiing av Masfjordfjella i Alver og Masfjorden kommunar som nasjonalpark til vitande.

Kommunestyret ber ordførar oversende eit brev til Klima- og miljødepartementet med følgjande tekst:

Alver kommune er positiv til vidare utgreiing av Masfjordfjella i Alver og Masfjorden kommunar som nasjonalpark.

Alver kommune vil peika på at det er viktig at dagens aktivitet og bruk av området vert oppretthalde. Nasjonalparkstatus i dette området må gje grunneigarar moglegheit til å ivareta drifta slik den er i dag, samt vidareutvikle denne når dette ikkje er i strid med føringar som gjeld innanfor nasjonalparkar.

Alver kommune forventar at nasjonalparkstatus vil kunne gje auka inntekt til grunneigarane, òg sett i samanheng med Nordhordland Biosfæreområde.

Alver kommune ser fram til ein god dialog mellom Klima- og miljødepartementet, kommunen og aktuelle grunneigarar.

Framlegget vart samrøystes vedteke

KO- 095/21 Vedtak:

Alver kommunestyre tar orienteringa om utgreiing av Masfjordfjella i Alver og Masfjorden kommunar som nasjonalpark til vitande.

Kommunestyret ber ordførar oversende eit brev til Klima- og miljødepartementet med følgjande tekst:

Alver kommune er positiv til vidare utgreiing av Masfjordfjella i Alver og Masfjorden kommunar som nasjonalpark.

Alver kommune vil peika på at det er viktig at dagens aktivitet og bruk av området vert oppretthalde. Nasjonalparkstatus i dette området må gje grunneigarar moglegheit til å ivareta drifta slik den er i dag, samt vidareutvikle denne når dette ikkje er i strid med føringar som gjeld innanfor nasjonalparkar.

Alver kommune forventar at nasjonalparkstatus vil kunne gje auka inntekt til grunneigarane, òg sett i samanheng med Nordhordland Biosfæreområde.

Alver kommune ser fram til ein god dialog mellom Klima- og miljødepartementet, kommunen og aktuelle grunneigarar.